

Forskrift om skule- og feriedagar 2026-2027, Stord kommune

Heimel:

Fastsett av kommunedirektøren 30.06.2025 med heimel i lov 9. juni 2023 nr. 30 om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova) § 14-1 andre ledd, og delegasjonsreglement frå kommunedirektøren til einingane.

§ 1. Formål og verkeområde

Forskrifta gir informasjon om kva for skule- og feriedagar elevane har skuleåret 2026-2027. Elevane har rett og plikt til å møte på skulen på dei fastsette dagane.

Forskrifta gjeld for elevar ved alle grunnskular i Stord kommune skuleåret 2026-2027.

§ 2. Tabell for skuleruta 2026-2027

Dato	Talet på skuledagar	Ferie/fri/merknad
August	13	10.-12.august elevfri dag / planleggingsdag 13.august: første skuledag for elevane etter sommarferien
September	22	
Oktober	17	5.oktober-9.oktober: haustferie
November	20	6.november: elevfri dag/ interkommunal planleggingsdag
Desember	14	18.desember: Siste skuledag før juleferie
Januar	19	4.januar: første skuledag etter juleferie

Dato	Talet på skuledagar	Ferie/fri/merknad
		29.januar: elevfri dag / interkommunal planleggingsdag
Februar	15	15.februar-19. februar: vinterferie
Mars	17	22.-29.mars: påskeferie
April	21	12.april: elevfri dag / planleggingsdag
Mai	18	6.mai: Kristi himmelfartsdag (fridag) 7.mai: elevfri dag 17.mai: Grunnlovsdag og 2. pinsedag (fridag)
Juni	14	18.juni: siste skuledag før sommarferie
<i>Sum skuledagar</i>	190	

§ 3. Unntak frå skuleruta

Skulen kan gjera unntak frå § 2 i særlege tilfelle for skulen eller for trinn. Unntak skal drøftast i skulen sitt samarbeidsutval (SU). Saken skal sendast til endeleg godkjenning hos kommunalsjef oppvekst og kultur om unntak gjeld heile skulen og avgjerast av rektor dersom unntak gjeld eit trinn. Unntak frå § 2 må fattast som enkeltvedtak.

Unntak må ikkje strida med opplæringslova § 14-1 første ledd. Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 skuleveker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker. Det treng ikkje å vere 38 veker samanhengande opplæring, og det treng ikkje å vere opplæring alle dagane i veka. Kravet i lova inneber at elevane skal ha minimum 190 skuledagar. Det må vera skuledagar på dagar der det skal gjennomførast nasjonale prøver og eksamen.

§ 4. Ikraftsetjing

Forskrifta trer i kraft 1.august 2026.